

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1689-14

16. mai 2018

## **Høring av rapport frå Statens vegvesen ("Fra sams og samling") om konsekvensar ved overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til fylkeskommunane 1.1.2020**

Ved handsaming av Prop. 84 S (2016 – 2017) Ny inndeling av regionalt forvaltingsnivå, jf. Innst. 385 S (2016 – 2017), gjorde Stortinget oppmodingsvedtak om at regional vegadministrasjon skal overførast til regionalt folkevald nivå. Vedtaket lyder:

*Stortinget ber regjeringen sørge for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesveiene, overføres fra Statens vegvesen til regionalt folkevalgt nivå.*

Vegdirektoratet fekk i brev frå Samferdselsdepartementet av 30. november 2017 i oppdrag å greia ut spørsmål om å overføra til fylkeskommunane den delen av vegadministrasjon i Statens vegvesen som utfører oppgåver for fylkeskommunane etter veglova. Frist for å levera rapport vart sett til 15. mai 2018.

Oppdraget til Vegdirektoratet var fleirledda. For det første skulle det kartleggja dei oppgåvene som ligg til sams vegadministrasjon i dag. Vidare skulle det vurdere kostnader og konsekvensar av ei overføring for Statens vegvesen og fylkeskommunane. Siste del av oppdraget var å laga skisse(r) til modell(ar) og framlegg om korleis ei overføring av den delen av sams vegadministrasjon som gjeld fylkesvegane kan gjennomførast.

Vegdirektoratet leverte 15. mai rapporten: "Fra sams og samling. Konsekvenser ved overføring av fylkesvegadministrasjon fra Statens vegvesen til fylkeskommunene fra 1.1.2020, og vurderinger av alternativer". Rapporten ligg ved dette

brevet. Utgreiinga byggjer på fleire delutgreiingar og andre underlagsdokument, lista opp side 77 i rapporten. Dokumenta er tilgjengelege for høringsinstansar på førespurnad til Statens vegvesen.

Samferdselsdepartementet bed med dette om synspunkt på rapporten, med utgangspunkt i mandatet for oppdraget og framlegga i rapporten.

Samferdselsdepartementet bed om at KS sender rapporten til aktuelle prosjektleiarar der to eller fleire fylkeskommunar skal slå seg saman.

Frist for å levera merknader er 22. juni 2018, men det er ønskeleg med merknader så snart råd der. Høringssvar skal sendast elektronisk ved bruk av den digitale løysinga for høringssvar på denne sida: <https://www.regjeringen.no/id2601547/> (under "Send inn høringssvar").

Unntaksvis kan høringssvar sendast Samferdselsdepartementet *postmottak@sd.dep.no*.

Med helsing

Hans Einar Nerhus (e.f.)  
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt  
underdirektør

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Vedlegg

Kopi

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Vegdirektoratet

## Adresseliste

Akershus fylkeskommune	Sentraladministrasjonen	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Pb 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Finnmark fylkeskommune	Henry Karlsens plass 1	9815	VADSØ
Forbundet for ledelse og teknikk (FTL)			
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Bedriftssenteret		
KS	Postboks 7900	5020	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
NITO	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune			
NTL	Fylkeshuset	8048	BODØ
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune - Byrådet	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Tekna			
Telemark fylkeskommune	Fylkeshuset	3706	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Trøndelag fylkeskommune	Fylkets hus, Postboks 2560	7735	STEINKJER
Unio			
Vest-Agder fylkeskommune	Serviceboks 517	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Postboks 2163	3103	TØNSBERG

YS

Østfold

fylkeskommune

Postboks 220

1702

SARPSBORG